

No 211 ¹ Tone: Tillags aat alle kan ingjen gjera

Han

Aa kunne no mine stevord lyda
Soleis at du ikkje meg mistyda,
Eg skulle gle meg aa vona godt
Da kunne auka paa elskjen smaatt.

Ho

Just da me lika de da me krevja
Ein ungdom gild, so kan med oss stevja
So me forstend aa kan halda av
Skal tru at da er for *drjuge* krav.

Han

Du kan vel tru at me vilja vera
So byrg ein ungdom me greia bæra
Dei hugmaal fram so kan byggjast paa
So folk aa land kan ha hyggja taa.

Ho

Da er ei hyggja aa høyra ditta
Men endaa gildar naar me faa fretta
At dissa *hugmaal* kjem fram i *gjerd*
Daa fyrst er det dei faar sit verd.

Han

Du maa kje tru at eg stend aa *gyte*
Aa berre *dykje* med lippun skryte.
Nei sanning *traar* eg i all mi færd
Aa med eg er naar da ber til *gjerd*.

Ho

Paa slike *hugmaal* ein aller tregar
Dei aukar elskjen i alle vegar.
For slike hugmaal ein *vyrd* maa ha
Dei skapar hugnad og gjer ein glad.

Han

Um vore hugmaal er *nau* so klaare
Men skal dei fremjast det vert ein faare
Uskikk aa vanur dei brytar ned
Den pena verdi ho faa kje fred.

Ho

Naar ifraa høgdi me noko fretta
So er det storleik aa *inkjevetta*
Aa millionar ein øyder burt
Paa *glimestein*ar paa støv aa lort.

Han

Det hev seg soleis paa denna færði
Ein storleik finn yver heile verdi
Aa da er *hugmaal* so aukar paa
Dei vil paa høgdi aa *fuldna* naa.

Ho

Da hev seg so dar so storleik fremjast
Paa den sjaa alle um slikt ein semjast.
Da goda gamla so lett er gløymd
Aa storleik den vert i *hujen* gøymd.

Han

Men kvinnor serleg paa storleik gapa
Aa mest er huga aa etter apa.
Aa da so kvinnor i *hujen* faar
Med *godom* slett ikkje utatt gaar.

Ho

So langt ifraa eg kan detta sanna,
Eg og er kvinna, eg veit kje anna
Sjølv hev eg laga til mine klæ,
Baa vast aa kokt aa *steilt* beisti med.

Han

Til deg eg ikkje vil datta seia
Du kjenner dei so da ikkje greia.
Um maal og saks dei seg ikkje bryr
For stygt aa skjete aa stella kyr.

Ho

Aa jau eg greia ei matmors lekse,
Um eg stundum maa ga so ei *dekse*.
Paa storleik ofra eg ikkje stort
Men meira paa aa faa gagnsverk gjort.

Han

Men kva i verdi skal me no gjera
Naar ikkje lambi kan ???? bæra.
Ein vil i høgdi, da bær eil brest
Men ifraa høgdi ein ser da best.

Ho

Laut ein kvar sine *byror* bæra
Aa alle *krithus* laut gagnsverk gjera
Aa kvar ein *leting* påå svultekur
Daa faar ein greia paa sand kultur.

Han

So mange seie, men serleg somme
Paa høgdi er me kje endaa komne
Men stigen eingong vert endevendt
Da heve jamleg i verdi hendt

Ho

Da meira visleg i *laagdi* fara
Seg halda nede – seg alltid vara
Ja var dykk jentor aa var deg gut
Ein veit at galskap gjer ska tilslut.

Han

For dei som vidom i verdi fara
Er da vel naudsynt seg alltid vara
Men byrg aa karsleg ein væra maa
Naar ein skal *vyrdest* og sjaaast paa

Ho

I sidan frakkjen ei *slangepipa*
So tyggja tobak aa sputta, skvipa
So drik aa bannar aa spelar kort,
Han maa kje venta, vert *vyrda* stort.

Han

I mat aa drikka aa i mangt anna,
Ein lyt seg nøya, um um da er blanna
Men slike ting so kan helsa ska,
ein aller inn paa si tunge ta.

Ho

Nei far med marki min kjære snille
Gjev gaum paa da so vor herra stelle,
Dei ser hans yrkje i alla kræ
Men alltid han daa den same er.